

Riksarkivaren  
v/ Helena Ingegerd Eriksson  
Sognsveien 221  
0806 Oslo

Oslo  
15.06.2020

## Sluttrapport for prosjektet «Reiselivet i Vest-Telemark».

Viser til tilsegnsbrev mottatt 6.12.2019, dykkar referanse 2018/14640. Riksarkivaren løyvde kr. 100.000,- gjennom vedtak om tildeling 17.11.2018. Her følger sluttrapport for prosjektet.

Oppstarten for prosjektet blei utsett til 1. april då prosjektleiar måtte ferdigstille andre oppgåver. Planlagt frist for slutføring av prosjektet blei difor flytt til 1. april 2020, jf. statusrapport datert 17.12.2019.

Sidan oppstarten har prosjektleiar fylgd framdriftsplanen med tre månadars forskyving. Målsettingane er førebels justert med omsyn til løyvde midlar. Den totale ramma for prosjektet var budsjettert til kr. 500 000,-, men rekneskapen viser ei ramme på kr. 325 000,-.

Me har vore i kontakt med ei rekkje aktørar knytt til reiselivet i heile regionen. Gjennom kartlegging har me danna ei liste med meir enn 360 overnattingsplassar frå heile Vest-Telemark. Lista har vore grunnlaget for det vidare målretta innsamlingsarbeidet. Me er i gang med publisering av lista på nettstaden lokalhistoriewiki.no som er drifta av Norsk Lokalhistorisk Institutt.

Aktørane me har samla inn arkivmateriale frå er:

Landgård hotell sitt arkiv. 1933-1972. Fem gjestebøker  
Vegheim Herberg og kafé. 1938-1953. Éi gjestebok  
Triset hotell sitt arkiv. 1941-2011. To gjestebøker, éi kassajournal.  
Vråliosen hotell sitt arkiv. 1973-1986. Éi gjestebok og mappe med postkort og reklame.  
Vågslidun hotell sitt arkiv. 1972-??. Gjestebøker og kassabøker.  
To fotografi av Dalen hotell, ca. 1900.

Arkiva er ordna, registrert og publisert på Arkivportalen.

Fleire aktørar me har vore i kontakt med har sagt at dei har arkivmateriale, men av forskjellige årsaker er ikkje materialet overført til VTM i løpet av prosjektperioden. Me håpar ein del av materialet vert overført til oss ved eit seinare høve, og har alt fenge signal frå fleire om at dei ynskjer avlevering.

**Vest-Telemark Museum - administrasjon**

Eidsborg, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@vtm.no](mailto:post@vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)

Aktørane me har vore i kontakt med er:

Grungebro Hotel (Vinje)  
Dalen Hotel (Tokke)  
Bandaksli hotell (Tokke)  
Sandok hotel (Vinje)  
Morgedal hotel (Kviteseid)  
Seljord hotel (Seljord)  
Rauland Høgfjellshotell (Vinje)  
Camp Vierli (Vinje)  
Nutheim Gjestgiveri (Seljord)

Straand hotel (Kviteseid)  
Groven Camping (Vinje)  
Nystøls hotell (Vinje)  
Byrte hotell (Tokke)  
Fyresdal Bed & Breakfast (Fyresdal)  
Botten skysstasjon/hotel (Vinje)  
Telemark Camping & Inn (Fyresdal)  
Ormtveit Gjestgiveri (Kviteseid)  
Straumen hotel (Kviteseid)

Prosjektet blei presentert ved Vestfoldarkivet og Telemarksarkivet si samling ved Telemark Museum 4. desember 2019. Vest-Telemark Museum har også hatt fleire avisoppslag knytt til prosjektet.

I desember 2019 fekk Vest-Telemark Museum midlar frå Arkivverket for å gjennomføre eit tilsvarande prosjekt i resten av Telemark. Gjennom dette prosjektet haustar me erfaringar reiselivsprosjektet som no er avslutta.

Sjå elles revidert framdriftsplan og prosjektrekneskap.

Per Ormestøyl  
Prosjektleder,  
Vest-Telemark Museum.

*Vedlegg: Revidert framdriftsplan, prosjektrekneskap og tre avisoppslag.*

**Vest-Telemark Museum - administrasjon**

Eidsborg, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@vtm.no](mailto:post@vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)

## Revidert framdriftsplan

01.04.2019-01.07.2019

Kartlegging av næringane som er knytt til reiselivet i Vest-Telemark. Samarbeide med historielaga i Vest-Telemark om kartlegginga. Gjere eit utval basert på kartlegginga som resulterer i ei liste over verksemder me skal ha som mål å hente inn dokumentasjon om.

01.06.2019-01.02.2020

Kontakte verksemdene det er aktuelt å dokumentere. Reise på befaring. Lage avtaler med mål om delfinansiering av arbeidet i bytte mot digital tilgjengeleggjing. Samle inn arkivmateriale frå verksemder som er interessert.

01.06.2019-01.02.2020

Ordne innsamla materiale. Evt. skanning av innsamla fotografi.

01.12.2019-31.03.2020

Publisere arkiv på arkivportalen. Evt. publisering av foto på Digitalt Museum.

## Prosjektrekneskap

Inntekter	Løyvd
Tilskot Riksarkivaren	100 000
Tilskot Kulturrådet	100 000
Tilskot Telemark fylkeskommune	100 000
<u>Eigeninnsats VTM</u>	<u>25 000</u>
Sum	325 000
Utgifter	
Lønsutgifter	-278 515
Overhead (fellestenester, IT, telefon, rekneskap m.m.)	- 27 852
Køyring	- 3 561
Ordningsmateriell	- 0
<u>Møtekostnadar</u>	<u>- 0</u>
Sum	- 309 928

## Vest-Telemark Museum - administrasjon

Eidsborg, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@vtm.no](mailto:post@vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)